


Kjemisk energi


Her er nokre kvardagsdøme på kjemisk energi:

Når du et, blir dei kjemiske bindingane brotne ned i næringsstoffa, og energien blir frigjord. Denne energien blir brukt av kroppen til vekst, reparasjon og for å halde oppe kroppsfunksjonane.





Batteri inneheld kjemiske stoff som kan reagere med kvarandre for å produsere elektrisk energi. Når du bruker batteri, skjer det ein kjemisk reaksjon som frigjer energi i form av elektrisitet.

Bilar og andre motoriserte køyretøy bruker bensin eller diesel som drivstoff. Desse drivstoffa inneheld kjemisk energi som blir frigjord i form av varme og rørsleenergi når dei forbrenn i motoren.




Fyrverkeri inneheld kjemiske samband som brenn med ulike fargar og lyseffektar. Når desse sambanda brenn, blir kjemisk energi frigjord i form av varme, lys og lyd.

Gjæringsprosessen som blir brukt til å lage brød, bollar, øl og vin, bruker ein kjemisk reaksjon der sukker blir omdanna til alkohol og karbondioksid. Gjæring frigjer kjemisk energi som varme.




Plantar bruker sollys til å gjere om karbondioksid og vatn til glukose og oksygen gjennom fotosyntese. I denne prosessen blir kjemisk energi lagra i glukosemolekyla, som plantane seinare kan bruke for å vekse og utføre funksjonane sine.



Kjemisk energi


Her er nokre kvardagsdøme på kjemisk energi:

Mat i kroppen lagar ein kjemisk reaksjon som gir deg energi.





I batteriet skjer ein kjemisk reaksjon som gir elektrisitet

I motoren skjer ein kjemisk reaksjon som gir fart og varme.




Når raketten brenn, skjer ein kjemisk reaksjon som gir lys, lyd og varme.

I deigen skjer ein kjemisk reaksjon som hevar deigen.











Treet gjer sollys og CO_2 om til sukker og oksygen.



Kjemisk energi

Kva teikningar kan vise kjemisk energi?





På kva måte har du vore i nærleiken av kjemisk energi i dag?

Skriv og teikn døme på kjemisk energi i kvardagen.

A central blue circle contains the text "Kjemisk energi". Four lines extend from this circle to the corners of a large square frame, dividing it into four empty rounded rectangular boxes. These boxes are intended for students to draw and describe examples of chemical energy in their daily lives.